

Medlemmer av Etne Jeger- og Fiskerforening  
Medlemmer av Etne elveigarlag  
Etne kommune  
Andre interesserte

Etne Jeger- og Fiskerforening vil i samarbeid med Hardangerfjord Villfisklag og Etne elveigarlag invitere til

## **Orientering om og deltaking i prosjekt for restaurering av lakse- og sjøaurestammer kring Hardangerfjorden.**

Hardangerfjord Villfisklag (HV) har starta eit prosjektet med mål å styrkje dei ville bestandane av laks- og sjøaure som soknar til Hardangerfjorden. Laget ynskjer å etablere ein "verktøykasse" med tiltak tufta på erfaren kunnskap til bruk for det einskilde vassdrag som deltek i prosjektet. Villfisklaget vil ha rollen som koordinator i prosjektet og tilby aktivitet og tilgang til "verktøya" for dei som vel å vera med. HV vil og ha ansvar for å skaffe finansiering av dei ulike aktivitetane og utstyr som ein treng lokalt for gjennomføring.

For å gi grunnlag for eit lokalt eigarskap og avgjerd om deltaking, ynskjer vi å presentert dette for Etne Jeger- og Fiskerforening, Etne elveigarlag og Etne kommune. Vi inviterer difor til møte for å orientere om eit regionalt prosjekt med sikte på å bygge opp att dei anadrome fiskestammene i vassdraga kring Hardangerfjorden. Laks og sjøaure har vore svært sterkt råka av lakselus og dei lokale bestandane er på eit historisk lågt nivå i samtlege vassdrag. Livskraftige fiskestammer er viktige verdier for lokalsamfunna som bidrag til trivsel, bulyst og ikkje minst for reiselivsnæringa.

**Villfisklaget sitt prosjekt har som føremål å styrkje villfiskbestandane til eit nivå der ein sikrar overleving, sjølv med eit visst fisketrykk. Vidare er det eit mål at ein gjennom prosjektet skal bidra til ny entusiasme og initiativ i forvaltinga av lokale vassdrag.**

**Program:** Velkommen og presentasjon av prosjektet  
Drøfting av lokale utfordringar og moglegheiter  
Lokal organisering

**Tid og stad:** Torsdag 28. Mai 2009 kl. 19.00  
Kommunestyresalen

Vel møtt til eit viktig møte om og for laks- og sjøaurestammene i Hardanger.

Med vennleg helsing